



## Referat frå møte i Hardanger kulturråd Kulturbanken i Granvin Fredag 19. august 2016 kl 10:00 – 15:00.

Tilstades:

Olav Seim, Granvin

Lage Thune Myrberget, Odda etter kl 1130

Inger Sekse, Ullensvang

Lisbeth Bygstad Celik, Eidfjord

Espen Eide, Granvin

Mary Ann Sørheim, Kvam

Frå Hardangerrådet: Trude Rinaldo og Jostein Eitrheim

Forfall:

Sigrid Brattabø Handegard, Jondal

10:00 – 11:30 Sakshandsaming

11:30 – 12:00 Lunsj

12:15 – 15:00 Sakshandsaming

Orientering om Kulturbanken i Granvin ved Olav Seim

### Sakliste:

#### 1. Saker innmeldt ved starten av møtet – Vert drøfta under siste sak.

Amatør kulturrådet ønskjer å koma og orientera på eit møte i Hardanger Kulturråd. Hovudagenda for dette rådet er at kulturen bør organisera seg som idretten.

#### 2. Diskutera strategi for forankring av «777» politisk og administrativt i kommunane.

Ønskjer å få dette til, og vil fortsettja arbeidet i kvar kommune å finna eigna verk og lokaler, med von om at ei slik utstilling kan gjennomførast i 2017. Må også finna ut kva type gjenstandar det dreisr seg om og kva arbeid som krevst for å få Utstillingane opp og ned.

#### 3. Orientering av Teaterturné i Hardanger til Hausten ved Det norske teater

Dagleg leiar orienterte om prosjektet og gjekk gjennom samarbeidsavtalen med teateret og Noregs Ungdomslag.

HK ber om at administrasjonen tek kontakt for oppdatering om gjennomføring av turneen og marknadsføringsplan, for å få meir kjennskap og kunskap om turneen, slik at rådet kan bistå arbeidet.

#### 4. Hardanger-Berlin.

Hardangerrådet har gjort vedtak om at avtalen skal seiast opp dersom ikkje alle kommunane stiller seg bak. Det gjer dei ikkje, med det resultat at tilbodet vert avslutta.

Hardanger kulturråd ber HardingPuls om melda om dei vil arbeida med dette vidare.

#### 5. Hardanger kulturfond – Tildeling av regionale Kulturmidlar 2016

Midlane er lyst ut med søknadsfrist 6. juni 2016. Hardangerrådet kostar utlysingane. Det er kome inn 7 søknader og omsøkt tilsaman vel 225.000 kr.

Dette er tildelinga av Regionale kulturmidlar 2016:

**VEDTAK**

Regionalt kulturfond Tildeling 2016		Søknad	Tildelt
1	Røldal Historielag	25 000	25 000
2	Tysedal Hotel Kunstomvisning	20 000	
3	Ulvik skulemusikk	20 000	10 000
3	Ulvik skulemusikk	40 000	
4	Hardanger Matkulturfestival	20 000	20 000
5	Knut Hamre slåttar	20 000	18 000
6	Hardanger Bigband	30 000	20 000
7	Film Anne Gullbjørg Digranes	50 000	
SUM		225 000	93 000

**6. Ymse**

HK ber om at kriteriane for søknad til Regionalt Kulturfond vert endra og utvida.

**7. Avklaring på deltaking i nytt Hardanger Kunstmuseum jmf. epost om nedpakka kunst i Hardangerkommunane.**

Lister av kunst i dei ulike Hardangerkommunane er sendt inn til arbeidsgruppa. Det er svært ulikt kva dei ulike kommunane har av kunst som ikkje er utstilt. Kven av kommunane som eventuelt vert med på eit prosjekt om nytt kunstgalleri vil snarleg verta avklara. Arbeidsgruppa har arbeidsmøte 22.8.2016 for å sjå på vidare framdrift av prosjektet.

**8. Kva skjer i Kultursektoren i Hardangerkommunane**

**Ulvik:** Ny fleirbrukshall er ferdig til glede for alle i bygda. Held på med kunstnarleg utsmykking no. Ulvik er Cittaslow kommune, det engasjerar mange og byr til deltaking.

**Granvin:** Kulturbanken er åpna med bibliotek og fungerer som møteplass for heile bygda. Ferdig å skriva kulturminneplan, som skal opp i formannskap og heradstyre denne hausten. Elles driv komunen museum om sommaren. Neste veke skal dei arranger Bygdedag.

**Eidfjord:** Ny kommuneplan for idrett/fysisk aktivitet. Kultursjef er også folkehelsekoordinator. Sommaren er galleritid, mange utstillingar som skal opp og ned. Dei får også mange publikumshenvendelsar gjeldane kultur og kunst. Det er god kontakt med folk i bygda. Nye krav til mottakarar av midlar frå kommunen, alle må gi noko tilbake.

**Ullensvang:** Finna oversikt på oppgåvene som høyrer til innan kultur og kva midlar som faktisk er brukt til kultur. Eldre er invitert med på kulturarrangement til Bergen. Heradet har søkt og fått midlar til barnefattigdom, og prioriterte å kjøpa inn masse ski og tilbehør som alle kan få låna gratis. Dei ønskjer å utvida dette tilbudet med andre aktivitetar.

**Kvam:** Her er dei uten kultursjef på ubestemt tid, dvs oppgåvene må fordelast. Tilskot er kutta, så dei har søkt og fått tilskot få eksterne. Bufdir kan anbefalast. F. eks har dei laga eit kulturkort som alle unge mellom 10-15 år har fått i heile kommunen. Prosjektet heiter Ung Fritid er særst vellukka og dei vil utvida tilbudet.

**Odda:** Ingen frie midlar til kultur, dei må skapa aktivitet. Arbeider med innhald og innhald. Skal finna rutiner for alle, og lagar no rammeplan for arbeid i kulturskolen. Ungdomsklubben er lagt ned, dei satsar på målretta aktivitetar. Mykje skjer i Odda framover, fyrst med Byfest under Skalltaket, Blueshelg, Tour des Fjords og Litteratursymposiet.

Trude L. Rinaldo  
referen